

Aktivitetsplan 2017/2018

Dato	Arrangement	Komite
Søn 17. des	Julekonsert	Styret
Fre 29. des	Julefest Gravdal	Gravdalgruppa,
2018		
Fre 5. – søn 7. jan	Øvingshelg	Styret
Lau 13. jan	Nyttårskonsert 2018	Lina , Sølvi, Linda, Ola V, Petter, Noteutval.
Lau 13. jan	Medlemsfest	Reidunn , Anne Mari, Inge, Jonathan.
27. Okt	Nordvestmeisterskap	Styret /komite

Første namn i komiteen er samankallar og må starte planlegginga

JULETREFEST

i Gravdal skule

Fredag 29. desember kl. 19.00



Det er tid for ein ny julefest i Gravdal etter gamalt mønster.

Vi prøver å gjenskape den gamle gode julefeststemninga med ekte grantre, god gamal julepynt, song, musikk og litt underhaldning.

Og sjølvsagt vert det ikkje ordentleg julefest utan at bordet i kjellaren er dekket med dei tradisjonelle gode smørbrøda. julebrød, lefser, kringler og nytrekt kaffi.

Ta turen til GRAVDAL treff kjende og opplev ei hyggjestund slik det var før i tida.

God jul Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

År. 11

24. årgang

Desember 2017

Det blir nyttårskonsert med solistar



Laurdag 13. januar 2018 vil Torskangerpoll Musikklag spele inn det nye året med nyttårskonsert i Samfunnshallen på Tennebo. Konserten startar klokka 17.00.

Dirigent Lisbeth Helen Våge lovar ein spennande konsert med mykje variert musikk og mange dyktige solistar. Temaet denne gongen er «Bit for Bit». Håkon Kongshaug og Isak Søråa blir med som solistar og skal framføre noko av det dei er glade i. I tillegg blir det fleire eigne solistar, mellom anna Laila K. Berg, Terje Våge og Lina Wåge. Du kan kjøpe billetter på Samfunnshallen si heimeside. Set av denne laurdagen til ei triveleg musikalsk stund.



Nyttårskonsert

Torskangerpoll Musikklag med solistar serverer musikalske delikatesser - bit for bit i Samfunnshallen Tennebo laurdag 13. januar 2018 klokka 17.00.



Billetter: Vakane kr 200 - Under 15 år kr 100
Forendsals: nordfjordhallen.no og eBillett eller på servicetorget til Vågøy kommune i Maløy

Torskangerpoll Musikklag vil ynskje alle ei god jul og eit godt og spennande nytt år. Takk til alle som har støtta oss og som har kome på konsertane våre. Håpar på eit godt og spennande samarbeid også i det nye året.

Etterlyser eit gammalt tenor-horn

Harald Oppedal har gjort ein stor jobb med å restaurere gamle instrument frå 30-åra. Han har etter beste evne har ordna og gjort dei spelbare. Dette er instrument til besetninga dei første åra han var med i korpset. Det einaste som manglar er eitt tenor-instrument som vi ikkje finn.

Har du opplysningar om dette tenor-instrumentet så ta kontakt med Harald på 92460370.



Søndag 12. november spelte Torskangerpoll Musikklag på Allehelgen-gudsteneste i Sør-Vågsøy kyrkje. Det var ei flott gudsteneste.



Laurdag 18. november spelte Torskangerpoll Musikklag på songkafeen til Viltkoret i Samfunnshallen. Ei kjekk stund og korpset spelte godt.



Vredens Gnag som julegåve:

Dersom du vil ha dette bladet må du betale 150 kroner til kontonummer 3705 24 26104. Kva med å spandere dette som julegåve til nokon? Du kan også betale på Vipps til Torskangerpoll Musikklag. Hugs å skrive namn på giroen eller på Vipps på kven du betalar for.

Har du spørsmål så kontakt Tor Åge Gravdal: 97511510 eller toraagegravdal@hotmail.com.

Portrettet: Lisbeth Våge

Kva opptek deg denne hausten?: All den kjekke tida eg har i lag med polljarkorpsa mine

Kva vil du ha til bursdagen?: Gavekort hos verdas beste frisør (Anne Mari) og et tandemhopp i fallskjerm.

Gå på ski eller sjå på?: Sjå på. Sist eg gikk på ski, lo andre som såg meg seg heilt skakke...

Kokt egg eller speilegg?: Begge deler.
Sukker eller sirup til klubb?: Sirup.
Bruker folk sukker???

Fisk eller kjøtt på grillen?: Kjøtt!

Jordbær- eller bringebærsylte?:

Heimerørt bringebærsylte, men jordbær er en god nummer to.

Makrell i tomat eller susji?: Å kjære vene...trur eg tar brunost.

Takkformatentale eller betale reknin-ga?: Eg gjer gjerne begge deler eg

Fortelje vitsar eller høyre på?: Med so mange gode vitsefelteljarar i Laja, høyre eg gjerne på og ler godt.

Feriemål?: Sørlandet er mi ferieperle, og Amerika.

Tidleg i seng eller tidleg opp?: Seint i seng og tidlig opp. Sove kan eg gjere når eg blir gammal.

Skifte dekk eller vaske hus?: Verkstedet tar dekk, så då må det bli husvask, sjølv om eg helst ville ha sleppt det og

Vorspiel eller nachspiel?: Veldig dårlig på festing. Vorspielmed Pepsi Max

Køyre sjølv eller sitte på?: Kjører sjølv.

Kva høyre du på i bilen?: Mest radio, og dei andre som evt sit på.

Kva er din favorittmelodi?: Har mange favoritter. Vanskelig å velge en.

Fotballkamp eller kino?: Kino! Fotball viser jo samme scena heile tida

Vassendgutane eller Kygo?: Tor-



skangerpoll Musikklag

Konge eller president?: Konge. Trur kanskje vi har verdas beste konge!

Fornøgd med valget?: Ikkje tale om!!

Kva meiner du om kommunesa-manslåing?: Liker ikkje holet i midten av den nye kommuna.

Det første du ville gjort som statsminis-ter?: Sparka den noverande finansmin-isteren og bevilga meir penger til kultur.

Det første du ville gjort som ordfører?: Bygd ny barneskule for heile kommuna sånn at alle fikk like vilkår.

Trøsykkel eller motorsykkel?:

Trøsykkel. Motor har eg i bilen.

Kven beundrar du mest?: Dei som står på uansett kor store utfordringer dei har, det være seg fysisk eller psykisk.

Kva gjer deg glad?: Å få lov å under-vise unger i musikk og å få lov å være dirigent i to kjempeflotte korps.

Kva gjer deg sint?: Eg blir sint på dei som sit rundt om i verda og trur dei kan bestemme kva slags religion folk skal følge.

Ved eller varmevifte?: Mest varmevifte og litt ved.